

KOMMISSJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 1205/2012**2017/EØS/58/36**

av 14. desember 2012

om endring av forordning (EU) nr. 802/2010 med omsyn til prestasjonsnivået til reiarlag(*)

EUROPAKOMMISSJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/16/EF av 23. april 2009 om havnestatskontroll⁽¹⁾, særleg artikkel 27, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Prestasjonsnivået til eit reiarlag er ein av dei generiske parametranne ved fastsetjing av risikoprofilen til eit fartøy.
- 2) For å vurdere prestasjonsnivået til reiarlaget bør det takast omsyn til talet på manglar og tilbakehaldingar for alle fartøy i flåten til eit reiarlag som har vore underlagt inspeksjon innanfor Unionen og innanfor det området som er omfatta av Det samforståtte Paris-memorandumet om hamnestatskontroll (Paris-memorandumet).
- 3) Gjennomføringsreglane for utrekning av kriteria for prestasjonsnivået til reiarlaget med omsyn til risikoprofilen til fartøyet og metoden for utarbeiding av dei listene som skal offentleggjerast, er fastsette i kommisjonsforordning (EU) nr. 802/2010 av 13. september 2010 om gjennomføring av artikkel 10 nr. 3 og artikkel 27 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/16/EF med omsyn til prestasjonsnivået til reiarlag⁽²⁾.
- 4) Simuleringar av offentleggjeringa av listene på grunnlag av dei opplysningane som er registrerte i inspeksjonsdatabasen, viser at den metoden for offentleggjering som er fastsett i forordning (EU) nr. 802/2010, bør vere meir målretta.
- 5) For å gjere listene over reiarlag med lågt eller svært lågt prestasjonsnivå relevante er det difor naudsynt å endre dei kriteria som vert nytta for å utarbeide desse listene, slik at dei reiarlaga med lågast prestasjonsnivå kjem i fokus i offentleggjeringa. Dette bør ikkje endre utrekninga av prestasjonsnivået til reiarlaget i samband med fastsetjinga av risikoprofilen til fartøy.
- 6) For å verte ført opp i lista over reiarlag med lågt eller svært lågt prestasjonsnivå må reiarlaget ha hatt eit lågt prestasjonsnivå i eit samanhengande tidsrom på 36 månader rett før offentleggjeringa. Eit vedvarande lågt prestasjonsnivå over eit så langt tidsrom viser at reiarlaget manglar vilje eller evne til å betre prestasjonsnivået. Ettersom offentleggjeringa av listene

byggjer på handsaming av opplysningar om kva prestasjonsnivå reiarlaga har hatt i løpet av eit tidsrom på 36 månader, bør det setjast av nok tid innan den første offentleggjeringa til at det kan samlast inn tilstrekkeleg med opplysningar i THETIS-databasen – opplysningar som medlemsstatane i sin tur sender inn i samsvar med direktiv 2009/16/EF.

- 7) Reiarlaga skal berre førast opp i lista på grunnlag av dei opplysningane i inspeksjonsdatabasen som medlemsstatane har sendt inn og godkjent, i samsvar med artikkel 24 nr. 3 i direktiv 2009/16/EF. Desse opplysningane omfattar inspeksjonar av fartøya, manglar som vert oppdaga i løpet av inspeksjonane, og tilbakehaldingar. Dei omfattar òg opplysningar om fartøyet (namn, IMO-identifikasjonsnummer, kjennings-signal og flaggstat) i tillegg til namnet på eigaren eller den personen, t.d. reieren eller totalfraktaren, som har teke over ansvaret for drifta av fartøyet og alle plikter og alt ansvar som vert pålagt ved Den internasjonale norma for tryggleiksstyring (ISM-norma). På denne måten kan prestasjonsnivået til eit reiarlag og dei fartøya som reiarlaget er ansvarleg for, overvakast automatisk i inspeksjonsdatabasen, og listene kan ajourførast dagleg.
- 8) Kommisjonen bør gjennom dei automatiske funksjonane kunne hente ut relevante opplysningar frå inspeksjonsdatabasen for å kunne avgjere kva reiarlag som skal førast opp i lista over reiarlag med lågt og svært lågt prestasjonsnivå.
- 9) Metoden for å fastsetje matrisa over prestasjonsnivået til reiarlag byggjer på handsaminga av indeksen for høvesvis tilbakehaldingar og manglar for reiarlaget, slik det er fastsett i vedlegget til forordning (EU) nr. 802/2010.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Artikkel 3 nr. 2 i forordning (EU) nr. 802/2010 skal lyde:

«2. EMSA skal frå 1. januar 2014 dagleg offentleggjere og ajourføre følgjande opplysningar på den offentlege nettstaden sin:

- a) ei liste over reiarlag som i eit samanhengande tidsrom på 36 månader har hatt svært lågt prestasjonsnivå,
- b) ei liste over reiarlag som i eit samanhengande tidsrom på 36 månader har hatt lågt eller svært lågt prestasjonsnivå,
- c) ei liste over reiarlag som i eit samanhengande tidsrom på 36 månader har hatt lågt prestasjonsnivå.»

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 347 av 15.12.2012, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 170/2013 av 4. oktober 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 13 av 27.2.2014, s. 26.

⁽¹⁾ TEU L 131 av 28.5.2009, s. 57.

⁽²⁾ TEU L 241 av 14.9.2010, s. 4.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 14. desember 2012.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President
